

Statusrapport prosjekt ”Implementering av DUÅ babyprogrammet”

Bakgrunn og målsetting

Regionrådet for Nordhordland gav tilslutning til at det blei utforma søknad til Fylkesmannen i Hordaland, tildeling av skjønnsmidlar til omstilling og utvikling i kommunane (Sak 45/11, styremøte 02.12.11) til prosjektet implementering av ”Dei utrolige åra” foreldre og spedbarnsprogrammet for 2012. Det ble søkt om midlar til prosjekt organisert som eit interkommunalt samarbeid med spesialisthelsetenesta for å utvikle det kunnskapsbaserte førebyggjande helsearbeidet i kommunane Radøy, Lindås og Modalen. Prosjektet vart tildelt **kr 410 000**. Bakgrunn for søknaden var ny «Lov om folkehelsearbeid» og «Helse- og omsorgstenestelov» som begge gjer kommunane eit auka ansvar for å jobbe førebyggjande.

Målsettinga for prosjektet var å vidareutvikle det kunnskapsbaserte førebyggjande helsearbeidet i nordhordlandsregionen. Gjennom prosjektet ville ein prøve ut, og bidra til kunnskapsutvikling av, tiltak for førstegangsførelde til sped- og småbarn. Konkret ville ein pilotere ”Dei utrolige åra” foreldre og spedbarnsprogrammet. Dette er eit foreldrerettleiingsprogram retta mot foreldre til spedbarn i alderen 0-12 mnd. Programmet er utvikla for å fremme små barns tidlige utvikling. Det består av seks delar, som blant anna tek for seg korleis foreldra kan observere og lese barnas signaler, bli tryggare i forhold til å gi utviklingsstøttande omsorg gjennom fysisk, taktil og visuell stimulering, samt korleis foreldre kan fremme språkutvikling. Programmet har eit omfang på 8 gruppemøtar.

Organisering

Prosjektet vart organisert med ein styringsgruppe beståande av representantar frå de involverte kommunane, spesialisthelsetenesta ved avdelingssjef og representant frå brukarorganisasjonen Noregs kvinne- og familieforbund. Dette for å sikre samhandlingsperspektivet mellom kommunane og spesialisthelsetenesta, samt brukarperspektivet.

Ein arbeidsgruppe beståande av psykolog frå barne- og familietenesta i Radøy kommune, poliklinikkleiar ved BUP Nordhordland og to helsesøstrer frå Lindås kommune har stått for implementering av programmet.

Positive erfaringar/resultat

Oppstart for første gruppe var 28.08.12. I løpet av hausten 2012 og våren 2013 har det blitt gjennomført fire heile grupper.

Det er etablert kontakt mellom gruppeleiarar og forskarar ved RKBU Nord, Det helsevitskaplege fakultet ved universitetet i Tromsø. Dei er gjennom prosjektet i gong med å pilotere spørjeskjema som er tenkt nytta for å evaluere effekt av tiltaket når dette på sikt vil bli tilbydt i større skala.

Gjennom prosjektet medverkar såleis dei involverte kommunane til å legge til rette for forskning for å fremme kunnskapsbasert praksis (jf. Helse- og omsorgstjenesteloven § 8-3).

Deltakarar frå dei involverte kommunane er nøgd med at dei i prosjektperioden har fått anledning til å prøve ut tiltaket gjennom helsestasjonane. Tiltaket har gjennom foreløpige evalueringar frå deltakande foreldre fått positive tilbakemeldingar. Vi er glad for at prosjektet allereie har ført til at man har fått gjort seg erfaringar med nye tiltak innanfor det førebyggjande arbeidet.

Erfaringar frå prosjektet blei presentert på folkehelsekonferanse i regi av Region Nordhordland 07.02.13.

Status

Alle helsesøstre i Radøy kommune reiser i september 2013 på opplæring i programmet i Danmark. Sigrunn Feste går inn i 20% prosjektstilling for Radøy frem til juni 2014 og vil drive grupper saman med helsesøstrer i Lindås. Radøy kommune vil bruke midlar frå helsedirektoratet til å finansiere drift i prosjektperioden.

Lindås kommune sender ytterlegare to helsesøstrer på opplæring i Danmark. Helsestasjonane i Lindås kommune vil frå og med hausten 2013 tilby programmet til alle førstegangsforeldre som ledd i det ordinære helsestasjonsarbeidet. I Lindås kommune har ein altså valt å legge programmet inn i ordinær drift.

Det vil vidare være mogleg for andre interesserte kommunar i regionen å samarbeide med Radøy og Lindås om å tilby programmet.

Harald Simonsen
Prosjektleder